

Helse- og sosialsektoren

Det kongelige sosialdepartement
Postboks 8019 Dep

0030 OSLO

Arkivkode	2004 00689	Dok. nr.	102
Opprettet	31.31	Datum	22.06.04
Avd.:	SKO	Saksbehandl.:	
U.off.:			

Arkivkode	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
	04/00053 - Helling	200400689-/OEB	21.06.2004

SVAR - HØYRINGSNOTAT BRUKARBETALING PLEIE- OG OMSORGSTENESTER

I beslutningane vedrørande eit framtidig system ligg det klare politiske val, medan ein fagleg og administrativt ikkje vil kunne peike på nokon eintydige preferansar. Helse- og sosialsjefen i Ål og Hol kommune har derfor ingen eintydig innstilling til det framtidige systemet for brukarbetaling. Endringar har store ringverknader og det er detaljane i det endelige regelverket som blir avgjerande for korleis dei enkelte partar kjem ut.

Helse- og sosialsjefen vil likevel gje nokre innspel:

Til hovudspørsmål II:

Ei einheitleg brukarbetaling innanfor og utanfor institusjon vil ideelt sett vera bra, men administreringa av ei slik ordning vil medføre eit stort meirarbeid for kommunane. Alle brukarar i institusjonen må da søke om enkelttenester, tildelast desse gjennom enkeltvedtak og betale for dei ulike deltenester. Mellom 70 og 80 % av bebuarane på pleie- og omsorgsinstitusjonane har ein mental svikt av større eller mindre omfang og svært mange har ikkje samtykkekompetanse. Mange bur langt frå sine pårørande. Ei løpende vurdering av behova til den enkelte måtte i eit slikt system i større omfang enn i dag skje ved hjelp av (hjelpe)verge. I dag skjer den faglege vurderinga av den enkelte sitt behov fortløpande og tenestemengda gjev ikkje utslag på den prisen bebuarane betalar. Det er i dag ikkje nokon risiko for at bebuar eller pårørande kan oppleve at kommunen tildeler tenester som "bukken og havresekken".

Helse- og sosialsjefen meiner at høyningsnotat ikkje i tilstrekkeleg grad har vurdert det administrative meirarbeidet for kommunane og kva for konsekvensar det har for det administrative systemet at svært mange brukarar ikkje vil ha samtykkekompetanse til å kunne ta dei vala som ordninga ideelt sett legg opp til.

Til hovudspørsmål III:

Helse- og sosialsjefen i Hol og Ål meiner at staten bør fastsette nivået på brukarbetaling. Brukarane sine primære behov for pleie- og omsorg må ikkje gjerast avhengig av kommunal økonomi.

Til hovudspørsmål IV:

Helse- og sosialsjefen i Hol og Ål meiner at ei framtidig ordning heller må byggje på ei utviding av dagens finansieringsordning utanfor institusjon til å gjelde innanfor institusjon.

Til hovudspørsmål V:

Helse- og sosialsjefen i Hol og Ål meiner at alle innbyggjarar i landet skal ha dei same rettigheitar i forhold til hjelpemidlar. Ofte er det den enkelte kommune sin økonomi som avgjer om bebruarar på institusjonar får dei hjelpemiddel som kan optimalisere deira dagleg funksjonar. Om medisinar og bustøtte skal forvaltast på same måte, vil vera avhengig av val av betalingsordning i institusjonane.

Til spørsmålet om økonomiske konsekvensar:

Som nemnt ovanfor vil ei einheitleg brukarbetaling innanfor og utanfor institusjon, medføre auka administrasjonskostnadene i kommunane.

Det framgår av høyringa at staten sin føresetnad er at alle statlege ekstrautgifter skal dekkast gjennom reduserte overføringer til kommunane. Kommunane sine auka utgifter til administrasjon må reknast inn i dette. Elles vil ynskjet om ei lik betalingsordning føre til meir administrasjon og mindre tenester til bebruarane – og det kan ikkje vera meiningsa!

Med helsing

Bjørn Arild Herfindal
helse- og sosialsjef

Kopi til:

Hovedutval for helse-og sosial Hol kommune
Sektorutval for helse- og sosial Ål kommune

Haaland Terje

Fra: Øystein Lappegard [oystein.lappegard@aal.kommune.no]
Sendt: 21. juni 2004 13:10
Til: Postmottak SOS
Emne: Høyringsuttale brukarbetalingar i pleie og omsorg



Høyringsuttale
210604.doc (34 ...)

Sjå vedlegg. Vil også bli sendt i post.